

UTKAST:

Forvaltingsplan for
Aurland statsallmenning
2024-2027



21. mai 2024

FØREORD

Denne planen er resultat av arbeidet med revisjon av forvaltingsplanen for statsallmenningane i Aurland, som første gong vart laga i 1996-97, og sidan har vore revidert i kvar fjellstyreperiode. Forvaltingsplanen skal gjelda for 4-årsbolken 2020-23, og vil før han går ut verta revidert for ein ny 4-årsbolk.

Planen vil vera retningsgjevande for fjellstyret si forvaltning innan felt som fiske, småviltjakt, villrein, beite og andre landbruksinteresser, hytter, oppsynsteneste, informasjon og tilrettelegging.

Aurland fjellstyre

Erling Nesbø
leiar

Bjørn Ebne

Reidun Bøe Bjørgum

Leif Turlid

Tor Olav Kvam

Harald Skjerdal
planansvarleg

HOVUDMÅLSETJING:

Statsallmenningane i Aurland skal forvaltast i samsvar med fjellova, på ein slik måte at ein fremjar tradisjonell næringsutøving i bygdene og utnyttinga av ressursane i allmenningen, samstundes som ein ivaretek naturvern- og friluftsiinteressene. Fjellstyret skal søkja å oppnå ein god balanse mellom bruk og vern.

INNHALDSOVERSIKT

| | | | |
|------|---|------|----|
| 1. | NATURGRUNNLAG OG BRUK | Side | 4 |
| 1.1 | Kvar allmenningen ligg | “ | 4 |
| 1.2 | Topografi, berggrunn og klima | “ | 4 |
| 1.3 | Vegetasjon | “ | 5 |
| 1.4 | Fisk | “ | 5 |
| 1.5. | Småvilt | “ | 8 |
| 1.6 | Villrein | “ | 10 |
| 1.7 | Elg og hjort | ” | 11 |
| 1.8 | Landbruk | “ | 13 |
| 1.9 | Hytter og andre bygg | “ | 13 |
| 1.10 | Sti- og løypenett | “ | 15 |
| 1.11 | Vegar og tekniske inngrep | “ | 15 |
| 1.12 | Økonomi | “ | 16 |
| 1.13 | Fjellstyret si rolle i forvaltinga | ” | 16 |
| 1.14 | Oppsynsordning og administrasjon | ” | 16 |
| | | | |
| 2. | PLANSITUASJON | “ | 17 |
| 2.1 | Føreliggjande planar som vedkjem området | “ | 17 |
| 2.2 | Verneområde | ” | 17 |
| | | | |
| 3. | MOGLEG UTVIKLING | “ | 17 |
| 3.1 | Moglege framtidige ynskje om areal for utbygging | “ | 17 |
| 3.2 | Organisert utnytting av området av framande aktørar | “ | 18 |
| 3.3 | Sannsynleg utvikling av bruken av allmenningen | “ | 18 |
| 3.4 | Moglege konfliktområde - moglege samarbeidsområde | “ | 19 |
| 3.5 | Moglege nye inntektsområde | “ | 19 |
| | | | |
| 4. | PLANDEL | “ | 20 |
| | Hovudmålsetjing | “ | 20 |
| 4.1 | Fiske og fiskestell | “ | 20 |
| 4.2 | Småvilt | “ | 21 |
| 4.3 | Villreinformalting | “ | 22 |
| 4.4. | Elg og hjorteforvalting | “ | 24 |
| 4.5 | Beite og andre landbruksinteresser | “ | 25 |
| 4.6 | Hytter, kraftutbygging og andre fysiske tiltak | “ | 25 |
| 4.7 | Bruken av fjellvegane | “ | 26 |
| 4.8 | Oppsynsteneste | “ | 26 |
| 4.9 | Informasjon og tilrettelegging | “ | 27 |

1. NATURGRUNNLAG OG BRUK

1.1. Kvar statsallmenningen ligg

Aurland fjellstyre forvaltar bruksrettane i tre statsallmenningar:

- Aurland nordre statsallmenning: Ligg lengst nord i Aurland kommune. Grensar til Lærdal (Frønningen) i nord og Aurlandsfjorden i vest.
- Aurland søndre statsallmenning: Strekkjer seg frå vegen Aurland - Erdal og 25 km søraustover langs kommunegrensa mot Lærdal, til han vert avgrensa av fylkesgrensa mot Buskerud aust for Svarterandane. Allmenningen held fram gjennom øvre delen av Aurlandsdalen (Stemmerdalen) og omfattar deler av Vestfjelli, vestover til og med Storskavlen.
- Broksfjellet: Ligg sør for Myrdal. Allmenningen grensar til fylkesgrensa mot Hordaland i sør, og heng saman med større allmenningsområde i Ulvik kommune.

Statsallmenningane i Aurland dekkjer følgjande areal:

| | |
|---------------------------------|---------------|
| Aurland nordre statsallmenning: | 64.300 dekar |
| Aurland søndre statsallmenning: | 376.800 “ |
| Broksfjellet: | 8.300 “ |
| Til saman: | 449.400 dekar |

1.2. Topografi, berggrunn og klima

Det meste av allmenningen ligg som eit kupert viddelandskap over 1400 m.o.h., der djupare bre- og vassforma dalar skjer seg inn. Aurlandsdalen er det mest markerte dalføret. I Nordheimsdalen går allmenningen heilt ned til sjøen.

Berggrunnen er variert, med innslag både av grunnfjell, Jotundekke og kambro-silurbergartar (fyllitt).

Årsnedbøren i Aurland er låg nede ved fjorden (600-700 mm), men kan vera tre gonger dette (>2000 mm) einskilde stader i høgfjellet. Dette gjer at snømengdene kan verta store om vinteren, med det resultatet at store snøfenner vert liggjande utover sommaren, og det vert sein isløysing på dei høgstliggjande fjellvatna.

1.3. Vegetasjon

Det meste av allmenningen ligg i den høg- og mellomalpine sona, der ein finn rabbesamfunn med lav, mose, gras- og halvgrasartar, i tillegg til snøleiesamfunn med musøyre og ulike mosar. Store område er dekte av blokkmark og permanente snøfenner.

Området frå Stemmerdalen og framover mot fylkesgrensa høyrer til den lågalpine sona, med ulike lyngartar, vier og dvergbjørk. I dette området finst det mange kalkkrevjande planteartar, m.a. ein del austlege artar som ein elles finn lite av på Vestlandet.

I Aurland nordre statsallmenning ligg Nordheimsdalen, eit dalføre med mykje fureskog frå fjorden og opp til omlag 900 m.o.h. Ovanfor dette er det eit belte med fjellbjørkeskog.

1.4. Fisk

I allmenningen ligg det omlag 140 vatn som er større enn 20 da. Det samla arealet av desse er omlag 46.000 daa. Dei fleste vatna ligg høgare enn 1400 m.o.h.

I mange av desse vatna har det vore sporadiske fiskeutsetjingar frå 1920-talet og framover. Frå 1973 har det vore årlege, systematiske fiskeutsetjingar. Det er utsett fisk i langt dei fleste av vatna.

Det er grunn til å tru at den naturlege rekrutteringa er dårleg eller fråverande i dei fleste vatna som ligg høgare enn 1400 m.o.h. Fiskeutsetjing er såleis eit vilkår for å halda oppe fiskebestandane i desse vatna. [Me registrerer likevel at det i nokre høgtliggjande vatn er ting som tyder på at det år om anna førekjem naturleg rekruttering, meir enn før.](#)

Tabell 1:

Tal sommargammal setjefisk utsett i Aurland statsallmenning 1993 – 2023:

| År | Utsett av fjellstyret (uregulerte vatn) | Utsetjingspålegg E-CO (regulerte vatn) |
|-------------------------------|--|---|
| <i>Gjennomsnitt 1993-1999</i> | 9.300 | 12.000 1-somr.+ 4000 2-somr. |
| <i>Gjennomsnitt 2000-2005</i> | 9.230 | 27.000 1-somrige |
| <i>Gjennomsnitt 2006-2010</i> | 7.300 | 27.000 1-somrige |
| <i>Gjennomsnitt 2011-2014</i> | 6.200 | 27000 1-somrige |
| <i>Gjennomsnitt 2015-2019</i> | 5.650 | 27000 1-somrige |
| 2020 | 4.750 | 27000 1-somrige |
| 2021 | 4.850 | 27000 1-somrige |
| 2022 | 6.000 | 27000 1-somrige |
| 2023 | 5.500 | 27000 1-somrige |
| <i>Gjennomsnitt 2020-2023</i> | 5.275 | 27000 1-somrige |

Kommentar: Tala i tabellen omfattar berre fiskeutsetjing i statsallmenningsvatn. Hafslund E-CO er pålagt å setja ut fisk i dei fleste regulerte vatn. Frå og med 1993 vart utsetjingspålegget i Nyhellermagasinet endra frå 15.000 sommargamle setjefisk til 4000 tosomrige. I 2000 vart pålegget omgjort att, slik at det frå og med 2000 berre er nytta sommargamal setjefisk.

Fjellstyret har redusert utsetjingsmengdene noko dei siste åra – sjå tabell 1. Grunnen er at ein ser at mykje av fisket føregår i reguleringsmagasin nær veg, slik at det i mange andre vatn vert for lite fiska. Det har vore nokre døme på at lite fiske kombinert med stadige utsetjingar har ført til for tette bestandar, slik at tynningsfiske har vorte naudsynt.

Tabell 2:

Fiskekortsalet (stong- og oterfiske) i statsallmenningen frå 1992 til 2023:

| År | døgnkort | 3 dagar | 1 veke | Sesong | Totalt |
|---------------------------|----------|---------|--------|--------|---------|
| Gj.snitt 1992-1996 | 103 | 36 | 12 | 11 | 162 |
| Gj.snitt 1997-2005 | * | * | * | * | ca. 192 |
| Gj.snitt 2006-2009 | * | * | * | * | ca. 317 |
| Gj.snitt 2010-2014 | * | * | * | * | 462 |
| Gj.snitt 2015-2018 | 231 | 80 | 106 | 77 | 494 |
| 2019 | 400 | 145 | 83 | 233 | 861 |
| 2020 | 341 | 163 | 33 | 167 | 704 |
| 2021 | 531 | 204 | 63 | 237 | 1035 |
| 2022 | 332 | 149 | 39 | 168 | 688 |
| 2023 | 408 | 169 | 50 | 182 | 809 |

2019 -2023 Sal på sone 1 Aurland statsallmenning + alt sal Aurlandskort

Kommentar: Frå 1997 er fiskekortsalet administrert av Aurland fiskeadministrasjon. Det er i tabellen for åra 1997-2014 berekna tal selde kort av dei ulike kategoriane ut frå fjellstyret sin prosentvise del av samla kortsal. Frå 2015 har me tal som viser kortsalet innan kvar sone. Som ein ser, har det vore ein fin auke i talet på selde fiskekort sidan fellesordninga vart oppretta. I tillegg til det som går fram av tabellen, kan ein plussa på 70-80 kort årleg, som er sesongkort for garnfiske som i tillegg omfattar fiske med stong og oter (sjå tabellen på neste side).

Aurland Fiskeadministrasjon vart oppretta i 1997 i samarbeid mellom fjellstyret og dei private grunneigarane, som eit organ som skulle organisera ei felles fiskekortordning i fjellet. Dette gav som resultat at det meste av fjellområda i kommunen no er dekt av fiskekortordninga. I tillegg til statsallmenningen, er det 6 fiskekortsoner på privateigd areal. Ordninga inneber at det vert nytta ei felles kortblokk med høve til avkryssing av sone, eit kart over fiskekortsonene er opptrykt, og ein får høve til å løysa felleskort som dekkjer alle sonene ("Aurlandskortet"). Dette kortet kan og kjøpast gjennom nettportalen inatur.no, og med hjelp av mobiltelefon når ein er i område med telefondekning. Sal av kortet via nettet har no større omfang enn kortsalet på dei lokale utsalsplassane.




Fig.1. Utviklinga i salet av «Aurlandskortet» i perioden 1997 – 2023. Kjelde: Aurland fiskeadministrasjon

Tabell 3:

Selde garnkort og fiskefangst på garn i statsallmenningen frå 1992 til 2023:

| År | Selde kort | Levert rapport | Innsats, garnnetter | Tal fisk | Kg. fisk | Snittvekt | Kg. fisk pr. garnnatt |
|------------------|------------|----------------|---------------------|----------|----------|-----------|-----------------------|
| Gj.snitt 1992-96 | 95 | 82 (86%) | 1471 | 3031 | 1006 | 0,33 | 0,68 |
| Gj.snitt 1997-05 | 103 | 98 (95 %) | 1902 | 4553 | 1755 | 0,38 | 0,92 |
| Gj.snitt 2006-10 | 112 | 108 (97 %) | 1702 | 4089 | 1739 | 0,43 | 1,02 |
| Gj.snitt 2011-14 | 107 | 104 (97 %) | 1555 | 3690 | 1452 | 0,39 | 0,93 |
| Gj.snitt 2015-19 | 70 | 68 (97 %) | 988 | 2090 | 786 | 0,38 | 0,80 |
| 2020 | 73 | 73 (100 %) | 1625 | 3374 | 1200 | 0,35 | 0,75 |
| 2021 | 85 | 84 (99 %) | 2175 | 3897 | 1574 | 0,40 | 0,72 |
| 2022 | 87 | 86 (99 %) | 1557 | 2847 | 1189 | 0,41 | 0,76 |
| 2023 | 99 | 95 (96 %) | 1529 | 3735 | 1578 | 0,42 | 1,00 |
| Gj.snitt 2020-23 | 86 | 85 (98 %) | 1722 | 3463 | 1385 | 0,40 | 0,80 |

Kommentar til tabell 3: Talet på selde garnkort har auka med 23 % dei siste 4 åra i høve til den føregåande 5-årsperioden. Innrapporteringa av fangstar er god, m.a. som eit resultat av at fjellstyret legg ein del arbeid i å senda påminning til dei som ikkje har levert rapportar. Fangsten per garnnatt ligg litt under nivået tidleg på 2000-talet.

1.5. Småvilt

Det er fjellrype, lirype og hare som er dei mest aktuelle småviltartane å driva jakt på i statsallmenningen. Av andre jaktbare artar kan nemnast raudrev, og meir sporadisk artar som andefugl. Skogsfugl (orrugl og storfugl) finn ein i skogsområda i Aurland nordre statsallmenning, men desse artane vart freda gjennom vedtaket om barskogreservat i denne allmenningen.

Frå 2004 har det vore eit samarbeid om felles jaktkortområde mellom fjellstyret og Myrdal sameige, ved at eit felles jaktkort vert selt for allmenningen ved Broksfjellet og det tilgrensande privateigde området ved Myrdal. Dette kortet ligg no som eit eige tilbod på nettsida *inatur.no*.

Jaktstart var i mange år 10. september, men vart endra til 15. september frå og med hausten 2005. I 2012 vedtok fjellstyret å utsetja jaktstart til 1. oktober med jaktslutt 23. desember, på bakgrunn av den nedgangen i rypebestanden som var registrert då. Denne jakttida har vore gjeldande fram til og med 2017. Frå 2018 har startdato vore 25. september. Rypejakta vert avslutta til jul, medan det er høve til å jakta hare fram til utgangen av februar. Det vert lagt ut eit avgrensa tal jaktkort på Inatur. Innanbygdsbuande jegerar får kjøpt jaktkort på fjellstyrekontoret til 50 % av prisen som utanbygdsbuande betalar ved kjøp på Inatur. Fjellstyret har opna for jakt med hund frå og med 1. oktober.

I fleire år har fjellstyret tilbode eit eige årskort for jakt på smårovvilt (rev, mink, mår, røyskatt, ramn, kråke) til ein symbolsk pris (kr 100). Årleg nyttar 4-6 jegerar seg av tilbodet.

I 2015, eit år med særskilt dårleg rypeproduksjon, innførte fjellstyret dagskvote på ei rype per jaktdag. Ordninga har vorte vidareført dei etterfølgjande åra, men nokre år har dagskvoten vore sett til 2 ryper per jeger.

Tabell 4:

Salet av jaktkort for småvilt i statsallmenningen frå 1992 til 2023:


| År | 1 dag | 2 dagar | 3 dagar | 1 veke | Sesong | Totalt | Leverte jaktrapp. |
|---------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|-------------------|
| Gj.snitt 1992-96 | 20 | 30 | 21 | 14 | 15 | 99 | |
| Gj.snitt 1997-2005 | 49 | 71 | 59 | 25 | 36 | 240 | 64 (26 %) |
| Gj.snitt 2006-2010 | 53 | 68 | 41 | 14 | 28 | 204 | 49 (23 %) |
| Gj.snitt 2011-2014 | 48 | 43 | 25 | 8 | 11 | 135 | 39 (29 %) |
| Gj.snitt 2015-19 | 24 | 22 | 21 | 8 | 12 | 87 | 69 (79 %) |
| 2020 | 26 | 28 | 20 | 10 | 12 | 96 | 82 (85 %) |
| 2021 | 24 | 36 | 19 | 10 | 13 | 102 | 66 (65 %) |
| 2022 | 37 | 44 | 27 | 10 | 15 | 133 | 78 (59 %) |
| 2023 | 36 | 30 | 25 | 10 | 11 | 112 | 97 (87 %) |
| Gj.snitt 2020 -23 | 31 | 34 | 23 | 10 | 13 | 111 | 81 (72 %) |

Kommentar til tabell 4:

Endring av startdato frå 10. til 15. september i 2005 førde til ein viss nedgang i kortsalet – det var og noko av intensjonen med endringa. Ved utsetjinga av jaktstart til 1. oktober i 2012 gjekk kortsalet kraftig ned. Kortsalet har stabilisert seg på under det halve dei siste åra, i høve til kva det låg på dei første åra etter 2000. Meir enn 90 % av dei som jaktar småvilt er utanbygdsbuande.

Fellingsstatistikk for ryper

Frå og med jakta 1995 vart det innført ei ordning med innrapportering av jaktresultat. Diagrammet nedanfor viser kva som er innrapportert felt av ryper i Aurland statsallmenning. I vurderinga av dette må ein ha i mente at prosenten av jegerane som leverer fellingsrapport dei siste åra har lege på rundt 80, mot under 30 % før 2015. Samstundes har talet på jegerar halvert seg.

**Fig. 2:**

Diagrammet viser talet på ryper (fjell- og lirype) som er innrapportert felt i perioden 1995 – 2023.

Kvar jeger jakta i gjennomsnitt 2,1 dagar per år dei siste 4 sesongane. Gjennomsnittleg jaktutbyte den siste 5-årsperioden har lege på 0,4 ryper per jaktdag. Til samanlikning var tilsvarande tal åra 2002-2003 1,6 ryper per jaktdag.

1.6. Villrein

Stort søkjartal saman med låge fellingskvotar på 90-talet og framover gjorde at berre innanbygdsbuande jegerar fekk tildelt fellingsløyve i allmenningen fram til 2010. Frå og med 2011 har ein del utanbygds jegerar fått tildelt fellingsløyve. Dette som følgje av at kalvekorta, som tidlegare vart tildelte saman med simle-/ungdyrkort, no vart selde separat, og fleire fekk tilbod om fellingsløyve. Dette var stoda fram til den store nedskytinga av reinsstamma i 2017-18. Etter 2018 har kvotane vore svært små i høve til talet på innanbygds søkjarar. Tildeling til utanbygdsbuande har difor vore uaktuelt.

Tabell 5:

Talet på innanbygdsbuande søkjarar/jegerar, fellingsløyve og fellingstal i statsallmenningen 1992 – 2023.

| År | Tal søkjarar (innanbygds) | Søkjarar tildelt | Tal løyve | Felt | Felling % |
|---------------------------|---------------------------|------------------|------------|-----------|---------------|
| Gj. Snitt 1992-96 | 149 | 96 | 115 | 44 | 26 % |
| Gj.snitt 1997-2005 | 190 | 73 | 110 | 70 | 64 % |
| Gj.snitt 2006-2010 | 215 | 70 | 93 | 50 | 54,2 % |
| Gj.snitt 2011-2014 | 194 | 155 | 155 | 69 | 44,5 % |
| Gj.snitt 2015-2019 | 159 | 101 | 116 | 47 | 46,2 % |
| 2020 | 128 | 34* | 40 | 17 | 42,5 % |
| 2021 | 126 | 7 | 9 | 7 | 77,8 % |
| 2022 | 131 | 14 | 16 | 16 | 100 % |
| 2023 | 123 | 11 | 13 | 4 | 30,8 % |
| Gj.snitt 2020-23 | 127 | 16 | 19 | 11 | 62,8 % |

*I 2019-20 vart det i tillegg halde av 5 jaktkort for bukk som vart selde som dagskort og nytta av fleire jegerar. Etter 2020 er det sett av eitt kort årleg for «dagskortjakt.»

Kommentar til tabell 5: På heile 90-talet var jakta i Aurland konsentrert om Austfjelli, då ein i Vestfjelli hadde restriksjonar på jakta, med siktemål å byggja opp att reinsstamma der. Frå vinteren 1999-2000 endra dette seg radikalt, då omlag 1000 dyr trekte over frå Aust- til Vestfjelli, [og heldt seg der i fleire år, fram til 2007/08](#). Slik vart det aktuelle jaktområdet i Aurland nokre år mykje større enn det hadde vore på 1990-talet. Frå og med jakta 2018 er det berre Vestfjelli som har vore aktuelt som jaktområde, grunna utryddinga av reinen i sone 1 (sjå avsnittet om CWD nedanfor).

Samjaktavtalar

Fjellstyret fornya i 2020 samjaktavtalen mellom statsallmenning og private jaktfelt i Aurland, første gong oppretta i 1976. [Avtalen gjeld til og med jakta 2024](#). I 2009 vart det oppretta ein samjaktavtale som omfatta alle statsallmenningane i Nordfjella, i tillegg til mange

privateigde jaktfelt. Fjellstyret valde frå 2013 å ikkje slutta seg til avtalen. Dei seinare åra – frå 2017 – har Aurland vore med i denne avtalen. [Innslagsdato for samjakt over kommunegrensene gjerne vore kring månadsskiftet august/september, og har vorte avtalt årleg.](#)

Utbrotet av skrantesjuke (CWD) på villrein i Nordfjella

Funnet av ei simle som fekk påvist skrantesjuke i mars 2016 utløyste fleire omfattande tiltak, der det mest omfattande var nedskytinga av heile villreinstamma i sone 1, over 2000 dyr, hausten 2017 og den påfølgjande vinteren. Etter dette, har ein berre hatt den attlevande flokken i Vestfjelli (300-400 dyr) å forvalta og jakta på. For statsallmenningen sin del tyder dette at ein sit att med berre kring 1/5 av den jaktkvoten som var normal før utbrotet. 10-15 jegerar får tilbod om jaktkort, mot 70-150 tidlegare.

Eit anna tiltak som har kome som følge av skrantesjuka, er oppsetjing av eit sperregjerde for rein mellom sone 1 og sone 2. Gjerdet strekkjer seg over ei mil, frå Buahalli i nord til Jøtulbrotet/Hestebotn i sør. Omlag halve gjerdet ligg i Aurland statsallmenning, resten i Hol.

1.7. Elg og hjort

Elg- og hjortejakta som fjellstyret forvaltar ligg i Nordheimsdalen (Aurland nordre statsallmenning). Valdet har eit areal på omlag 26.000 daa. Årleg fellingskvote har auka frå 7 hjortar tidleg på 1990-talet til over 50 løyve dei siste åra. Elgkvoten har vore 1 dyr pr. år dei fleste åra sidan området vart opna for elgjakt i 1987, men auka til 2 dyr frå 2012. Frå og med 2004 vart valdet delt i to jaktfelt, eitt øvre og eitt nedre. Aurland jakt- og fiskelag leiger det øvre, jaktfelt 2) og tildeler jakta etter loddtrekning, der innanbygdsbuande søkjarar har prioritet. Det nedre feltet (jaktfelt 1) vert utleigt av fjellstyret til jaktlag etter trekning der innan- og utanbygds jaktlag stiller likt.

Fellingsprosenten for hjort har jamt over vore høg, for det meste over 80 % kvart år dei fleste åra fram til 2011, og mange år på 100 %. Med aukande fellingskvote har fellingsprosenten minka dei seinare åra. Elg vert ikkje felt kvart år, berre 15 av åra i heile perioden. Dei fleste år vert det sett elg under jakta.

Det er etablert samarbeid om eit felles bestandsplanområde i Aurland, etter at det i 2015 vart organisert eit hjorteutval i kommunen. Statsallmenningen er med i bestandsplanområdet.

Med den sterkt aukande fellingskvoten frå 2015 har fjellstyret hatt eit overskot av fellingsløyve, i høve til det som jaktlaga i allmenningen har sett seg i stand til å jakta. For å betra utnyttinga av fellingskvoten, vedtok fjellstyret i 2015 [og påfølgjande år](#) å tilby fellingsløyve til private vald som var interesserte, innan bestandsplanområdet i Aurland. Frå 2016 har det vore ei ordning med sal av dagskort for hjortejakt i det øvre jaktfeltet i

Nordheimsdalen frå 1. november. Interessa for dette har vore varierende, like eins fellinga (frå 0 til 4 dyr per år).

Tabell 6:

Fellingskvote og fellingstal for hjort og elg 1996-2023:

| År | Tal hjorteløyve | Felte hjort | Felling % | Tal elgløyve | Felt elg |
|-------------------------------|-----------------|-------------|-------------|--------------|------------|
| 1996 | 10 | 8 | 80% | 1 | - |
| 1997 | 11 | 11 | 100 % | 1 | 1 |
| 1998 | 11 | 9 | 82 % | 1 | - |
| 1999 | 11 | 11 | 100 % | 1 | 1 |
| 2000 | 11 | 11 | 100 % | 1 | 1 |
| 2001 | 11 | 11 | 100 % | 1 | - |
| 2002 | 11 | 11 | 100 % | 1 | - |
| 2003 | 11 | 10 | 91 % | 1 | 1 |
| 2004 | 11 | 10 | 91 % | 1 | - |
| 2005 | 11 | 9 | 82 % | 1 | - |
| 2006 | 11 | 10 | 91 % | 1 | - |
| 2007 | 11 | 11 | 100 % | 1 | 1 |
| 2008 | 11 | 11 | 100 % | 1 | 1 |
| 2009 | 11 | 8 | 73 % | 1 | - |
| 2010 | 11 | 9 | 82 % | 1 | 1 |
| 2011 | 11 | 11 | 100 % | 1 | - |
| 2012 | 15 | 7 | 47 % | 2 | 1 |
| 2013 | 15 | 10 | 67 % | 2 | - |
| 2014 | 15 | 7 | 47 % | 2 | 1 |
| 2015 | 26 | 18* | 69 % | 2 | 1 |
| 2016 | 26 | 15** | 58 % | 2 | 1 |
| 2017 | 26 | 10*** | 38 % | 2 | - |
| 2018 | 53 | 14**** | 27 % | 2 | - |
| 2019 | 53 | 16 | 31 % | 2 | 1 |
| 2020 | 53 | 11 | 21 % | 2 | - |
| 2021 | 53 | 16 | 30 % | 2 | 1 |
| 2022 | 53 | 9 | 17 % | 2 | 1 |
| 2023 | 53 | 23 | 43 % | 2 | 2 |
| Gj.snitt 1996-2023 | 22 | 11 | 50 % | 1,4 | 0,6 |

*6 av desse felt i andre vald

** 2 felt i andre vald

*** 1 felt i anna vald

****1 felt i anna vald

1.8. Landbruk

Beite

Stemmerdalen sankelag slepper årleg 1200-1400 sauer/lam på beite i allmenningen. Talet har vore nokså stabilt dei siste åra. I 2019 vart det, for første gong på mange år, sleppt storfe

på beite i Stemmerdalen. Det same har vore gjort dei etterfølgjande åra. Her har ikkje vore storfe sidan turisthytta slutta med kyr.

I Aurland nordre statsallmenning vert det ikkje sleppt sau. Her kan det koma inn noko sau frå Frønningen og frå tilgrensande område i Aurland. Elles er det meir sporadisk beiting av sau som kjem inn i andre deler av allmenningen, frå tilgrensande privateigde område. Fjellstyret har hittil ikkje funne det naudsynt å nytta seg av retten som ligg i § 16 i Fjellova til å fastsetja nærare reglar for beitebruken i allmenningen.

Stølsdrift

I Aurland nordre statsallmenning ligg det tre stølar som har vore i drift i nyare tid, og der det enno står sel: Øygarden, Nordheimsdalen og Kolaren. Brukaren på Breisnes slutta med stølsdrifta i 1981.

I Stemmerdalen og områda rundt er det mykje restar etter tidlegare stølsdrift. Murar etter sel finn me både i sjølve Stemmerdalen, i Vestaforbøtn og i Håbergsholene. Nokre av steinsela i Stemmerdalen er haldne vedlike. Dette er sel som vart nytta av driftakarane som driv med krøterhandel fram til 1950-talet.

1.9. Hytter og andre bygg

| | |
|--|---------------------|
| 1. Storebotnhytta (7 senger) | 32 V 398077 6767860 |
| 2. Melahytta (12 senger) | 32 V 418675 6754382 |
| 3. Hellenuthytta (6 senger) | 32 V 422832 6751994 |
| 4. Brubotnhytta (5 senger) | 32 V 422002 6735411 |
| 5. Mydlovasshytta (6 senger) | 32 V 415913 6736233 |
| 6. Berdalsbu, tidlegare linjehytte | 32 V 414330 6740327 |
| 7. Håbergsholene, tidlegare linjehytte | 32 V 417846 6740639 |
| 8. Naust ved nedste Storebotnvatnet | 32 V 397786 6768094 |
| 9. Naust ved Hellenutvatnet | 32 V 423788 6752480 |
| 10..Naust ved Holmavatnet | 32 V 426852 6745923 |
| 11. Heller ved "Namnlausvatnet," Vargene | 32 V 414062 6730067 |
| 12. Jaktbu på Langafonni | |
| 13. Jaktbu i Norddalsbakkane | 32 V 416413 6759332 |
| 14. Jaktbu ved Svarterandane | |

Hafslund Eco sine hytter og bygg

| | |
|------------------------------------|---------------------|
| 1. Naust ved Katlavatnet | 32 V 416967 6741004 |
| 2. Garasje Brubotn | 32 V 422093 6735591 |
| 3. Radiohytte v. Store Vargevatnet | 32 V 420000 6731984 |
| 4. Radiohytte v. Svartavatnet | 32 V 419841 6734129 |
| 5. Radiohytte v. Kreklevatnet | 32 V 407806 6740272 |
| 6. Radiohytte Katlanosi | 32 V 417358 6741444 |

Andre større hytter (har festeavtale med Statskog SF)

| | |
|-----------------------------------|---------------------|
| 1. Kongshelleren, DNT | 32 V 429277 6738674 |
| 2. Steinbergdalshytta | 32 V 422691 6739020 |
| 3. Linjehytte Ertrahaug, Statnett | 32 V 403757 6764750 |
| 4. Linjehytte Brubotn, Statnett | 32 V 422015 6735478 |

Private jaktbuer som har avtale med Statskog:

| | |
|--------------------------------------|---------------------|
| 1. Jaktbu i Norddalsbakkane (Turlid) | 32 V 416070 6759507 |
| 2. " " " | 32 V 416417 6759331 |
| 3. " " " | 32 V 416001 6759814 |
| 4. Jaktbu i Gronosi | 32 V 421132 6752174 |
| 5. " " " | |
| 6. Jaktbu ved Sleipåfjellet | 32 V 422155 6748429 |
| 7. Jaktbu nord for Holmavatnet | 32 V 426718 6746906 |
| 8. Jaktbu nord for store Vargevatnet | |
| 9. Jaktbu ved Skomabreen | 32 V 412229 6729598 |
| 10. Kvalrygghytta | 32 V 423058 6754237 |

Andre jaktbuer og hellerar:

| |
|---------------------------|
| 1. Norddalshelleren |
| 2. Heller i Storemelen |
| 3. Heller ved Gronosi |
| 4. Heller i Svarterandane |
| 5. Alvshelleren |
| 6. Heller ved Eitrevotni |

Stølshus, skogshusvere og driftabuer:

| | |
|---------------------------------------|---------------------|
| 1. Øygarden, sel | 32 V 396728 6766938 |
| 2. Nordheimsdalen, sel | 32 V 396302 6768165 |
| 3. " " " | 32 V 396286 6768189 |
| 4. Kolaren, sel | 32 V 399265 6765162 |
| 5. Brendelihytta Nordheimsdalen | 32 V 395808 6767079 |
| 6. Nordheimsdalen, hytta ved sagi | 32 V 395110 6766612 |
| 6. Stemmerdalen, steinbu (Jensaselet) | 32 V 422722 6739173 |
| 7. " " " (Tyselet) | 32 V 422765 6738961 |
| 8. " " " (Per-Olaselet) | 32 V 422780 6738789 |
| 9. " " " (Veumselet) | 32 V 422733 6738809 |

1.10. Sti og løypenett

I den øvre delen av Aurlandsdalen er turistløypa mellom turisthyttene Geiteryggen, Steinbergdalen og Kongshelleren den mest nytta i dag, både sommar og vinter. Det finst elles mange eldre driftevegar og rekkjer i høgfjellet, som t.d. driftevegen som går frå Flåmsfjella til Hednedalen og vidare til Vargene og Bakkahelleren. Buforvegen til fleire av stølane fremst i Aurlandsdalen går via Norddalen og over Rusti, Langedalsfjellet og vidare framover.

I Aurland nordre statsallmenning er det god stølsveg frå sjøen og opp til stølane Øygarden og Nordheimsdalen, og derifrå vidare til Kolaren.

Dette nettet, med både eldre og nyare rekkjer og løyper, kjem godt fram på “Sti- og løypekart for Aurland herad,” laga av Kaare Sønnerheim i 1996.

1.11. Vegar og tekniske inngrep

Fv. 50 mellom Hol og Aurland er den viktigaste trafikkåra gjennom allmenningen. Denne vegen går gjennom allmenningen frå fylkesgrensa i Råsdalane til dammen på Vetlebotnvatnet. Vestover frå rv. 50 går anleggsvegane til store Vargevatnet og til Håbergsholene. Frå Vetlebotn går anleggsvegen til Nyhellerdammen, heilt inn til grensa mot statsallmenningen. Anleggsvegen frå Stonndalen til Langavatnet går og inn mot grensa til statsallmenningen.

Fleire store reguleringsmagasin ligg i Aurland statsallmenning. Dei største av desse er Nyhellermagasinet, Katlamagasinet, Vestredalsmagasinet, Vetlebotnvatnet, store Vargevatnet, Svartavatnet, nedste Mydlovatnet, store Kreklevatnet og Langavatnet/Adamsvatnet. Grunna nye forskrifter frå NVE om tryggingstiltak på reguleringsdammar har E-CO gjort omfattande arbeid på fleire av reguleringsdammene dei siste åra. Det største tiltaket står att – oppgradering av Nyhellerdammen. Dette arbeidet er planlagt utført i den perioden denne planen skal gjelda.

Gjennom Aurland søndre statsallmenning går det to store overføringsleidningar for elektrisk kraft, og fleire mindre. Området Stemmerdalen – Håbergsholene – Rossdalane er særleg belasta med kraftliner. Overføringslina mellom Vassbygdi og Fardal kryssar Aurland nordre statsallmenning. Det ligg føre planar frå Statnett om å byggja ei ny og større kraftline som skal erstatta den eksisterande. Denne vil stort sett følgja den same trasèen som den gamle lina.

1.12. Økonomi

Tabell 7:

Oversikt over fjellstyret sine totale inntekter, utgifter og resultat 1992-2023:

| År | inntekter | utgifter | årsresultat |
|---------------------------|------------------|------------------|----------------|
| Gj.snitt 1992-1996 | 615.000 | 523.000 | 92.000 |
| Gj.snitt 1997-2005 | 959.000 | 901.000 | 58.000 |
| Gj.snitt 2006-2010 | 1.547.800 | 1.556.200 | -8400 |
| Gj.snitt 2011-2014 | 2.075.000 | 2.019.000 | 56.000 |
| Gj.snitt 2015-2019 | 3.030.200 | 2.845.700 | 184.500 |
| 2020 | 3.118.900 | 3.297.700 | -178.800 |
| 2021 | 3.485.900 | 3.393.100 | 92.800 |
| 2022 | 3.092.000 | 3.299.000 | -207.000 |
| 2023 | 3.458.700 | 3.506.900 | -48.000 |
| Gj.snitt 2020-2022 | 3.288.400 | 3.374.200 | -85.250 |

1.13. Fjellstyret si rolle i forvaltninga

Fjellstyret er valt i medhald av "Lov om rettar og lunnende i statsallmenningane" (Fjellova). Fjellstyret har 5 medlemar med personlege varamedlemar, valde av kommunestyret for kommunevalperioden.

Fjellova fastset kva som er fjellstyret sine hovudoppgåver. Fjellstyret si fremste oppgåve er å administrera bruksrettane i statsallmenningane i kommunen. Dei viktigaste av desse bruksrettane er villreinjakt, småviltjakt, elg- og hjortejakt, fiske, beite- og jordbrukstilknytte rettar. Fjellstyret er ansvarleg for eigen økonomi (fjellkassa), og er eit frittstående organ i høve til kommunale og statlege styresmakter.

Fjellstyret forvaltar ikkje grunneigarretten i statsallmenningen. Grunneigarretten vert forvalta av Statskog SF, som m.a. kjem inn i biletet når det er snakk om grundisponerings-tiltak. Når det gjeld tilhøve omkring skogsdrift i statsallmenningen (aktuelt i Aurland nordre statsallmenning), er det eit eige allmenningsstyre som administrerer dette etter allmenningslova.

1.14. Oppsynsordning og administrasjon

Fjellstyret har i 2023 4 tilsette som utfører til saman 3,5 årsverk pr. år. Av dette er omlag 60 % arbeid for andre instansar, som gjev inntekter til fjellstyret. Av dei største tenestekjøparane kan nemnast Aurland Setjefisk BA (1/2 årsverk), felles landbrukskontor ÅLA (kommunal viltforvaltning 1/2 årsverk), Villreinutvalet for Nordjella, Statens Naturoppsyn og NINA. I samsvar med fjellova får fjellstyra refundert frå staten, over LMD sitt budsjett, inntil 50 % av lønsutgiftene i samband med oppsyn og drift av statsallmenningen, d.v.s. den delen av arbeidstida som ikkje er tenestosal eller anna inntektsgevande arbeid.

2. PLANSITUASJON

2.1. Føreliggjande planer som vedkjem området:

- Kommuneplan for Aurland 2008-2020, arealdelen (arbeid med ny plan igangsett 2022)
- ~~Felles kommunedelplan for villrein for Nordfjella~~
- Regional plan for villrein i Nordfjella 2014-2025
- Regional plan for vassforvaltning Vestland vassregion 2022-27
- ~~Fylkesdelplan for friluftsliv~~
- Sti- og løypeplan for Aurland (vedteken i 2021)

2.2. Verneområde

- Nordheimsdalen barskogreservat (omfattar det meste av dei skogklede delane av Aurland nordre statsallmenning)
- Bleia-Storebotnen landskapsvernområde (omfattar det meste av Aurland nordre statsallmenning ovanfor skoggrensa)
- Nærøyfjorden landskapsvernområde (ein mindre del av Aurland nordre statsallmenning ligg innanfor dette verneområdet)
- Hallingskarvet nasjonalpark (ein liten del av denne nasjonalparken ligg innanfor Aurland søndre statsallmenning)
- UNESCO si verdsarvliste: Heile Aurland nordre statsallmenning ligg innanfor området som i 2005 kom inn på verdsarvlista. Verdsarvstatusen endrar ikkje på vernestatusen som området har frå før.

3. MOGLEG UTVIKLING

3.1. Moglege framtidige ynske om areal for utbygging:

- område for hyttebygging
- skianlegg sommar/vinter
- utbygging i samband med turistanlegg
- vasskraftutbygging/kraftlinjer
- vindkraftutbygging
- utbygging av telekommunikasjon
- mineralutvinning

Dei næraste åra er det særleg punktet *vasskraftutbygging/kraftliner* som er mest aktuelt. Det er kjent at Hafslund Eco har vurdert planar som m.a. inneber eit nytt pumpekraftverk ved Vestredalsdammen, for å utnytta fallet frå Svartavatnet. *Det er og vurdert å utnytta fallet frå Vestredalsdammen til Vetlebotnvatnet.* Eventuell realisering kan først skje etter konsesjonshandsaming. Hafslund Eco er og i gang med, eller har gjennomført, rehabilitering av dammar på dei fleste reguleringsmagasin i Aurland. Dette arbeidet starta opp våren 2015,

og vil pågå kontinuerleg (i sommarsesongen) fram til og med sommaren 2026, i følge framlagt framdriftsplan. Det største av desse arbeida er Nyhellerdammen, som vart igangsett våren 2024.

Statnett er i gang med bygging av ein ny 420-kv kraftleidning frå Vassbygdi til Sogndal. Denne skal erstatta noverande 300 kv-leidning. Mykje av denne går gjennom Aurland nordre statsallmenning. NVE gav konsesjon for bygging av kraftlina våren 2020.

Når det gjeld utbygging av telekommunikasjon, har DSB (direktoratet for samfunnstrygghet og beredskap) fått løyve til å byggja ei nødmast innanfor statsallmenningen, i Vetlebotn.

3.2. Organisert utnytting av området av framande aktørar.

- Aukande pågang frå ymse aktørar for å ta i bruk deler av allmenningen til organiserte turar med turleiar må ein vera førebudd på. Denne trafikken vil skje både langs dei merkte turløypene og utanfor desse. Frå før har ein gruppeturane til DNT, både sommar og vinter, langs dei T-merkte løypene.

3.4. Sannsynleg utvikling av bruken av allmenningen til friluftsliv, jakt og fiske:

Camping og friluftsliv

- moderat vekst i fotturtrafikken - omlag 14000 gjekk ned Aurlandsdalen i 2019
- tendens til meir ferdsle utanfor merkte løyper
- aukande interesse for organiserte turar med guide
- aukande interesse for nye aktivitetar som t.d. iskltring, randonee og kiting

Tilreisande sin bruk av allmenningen til jakt og fiske:

- aukande kortsal for sportsfiske dei siste åra
- stabil interesse for villreinjakta, ut frå søkjartal
- brukbar interesse for fjellstyret sitt jaktfelt for hjort, når dette vert utlyst
- stor interesse for småviltjakta, heile kortkvoten som vert lagd ut på Inatur vers seld innan få dagar

Bygdefolket sin bruk av allmenningen til jakt og fiske:

Oversiktane for dei siste åra viser:

- ~~nedgang i~~ **Auka** interesse for garnfiske i **høve til førre planperiode**, truleg og for stongfiske
- stabil og stor interesse for reinsjakt
- ~~avtakande~~ **Stabil** interesse for hjortejakta i Nordheimsdalen som er utleigd gjennom AJF
- lita interesse for småviltjakt – få innanbygdsbuande løyser jaktkort

Det er lite som tyder på at det vert store endringar i dette dei næraste åra.

3.6. Moglege konfliktområde - moglege samarbeidsområde

Moglege konflikhtar:

- Anleggsarbeid linjer og dammar <-> jakt- og beiteinteresser
- Hyttebygging <-> sauehald
- Laushundar <-> sau
- Turisme <-> villrein
- Motorisert ferdsle i utmark <-> villrein
- Auka tilrettelegging for fiske og tilgang til opne fjellstyrehytter <-> villrein

Aktuelle samarbeidsområde:

- Felles fiske- og jaktkort med private område (gjennomført når det gjeld fiske)
- Samarbeid med jakt- og fiskelaget og hjelpekorpsset om transportar og dugnader på hytter
- Samarbeid med allmeningsstyret og verneområdeforvaltinga om tiltak i Nordheimsdalen
- Samarbeid med turlaget og jakt- og fiskelaget om familiefiskedagar, isfiskedagar m.m.
- Samarbeid med Sogn jord- og hagebruksskule om undersøkingar av fiskevatn
- Samarbeid med skulane i kommunen om fiskedagar for elevane, med tynningsfiske og prøvefiske. Fjellstyret har inngått partnerskapsavtale med Aurland barne- og ungdomsskule i samband med dette opplegget.

3.7. Moglege nye inntektsområde/potensiale for auka inntekt

- Opna for eit avgrensa garnfiske for utanbygdsbuande i einskilde vatn (fjellstyret opna i 2017 for dette i 3 vatn, fleire vatn er inkluderte etter søknad einskilde år)
- Auka hytteutleige (fjellstyret opna i 2023 for utleige av hytta i Brubotn vår og haust).
- Sal av oppsyns- og sekretærtjenester (til SNO, NINA, villreinutval, nabofjellstyre m.fl.)
- Tilby prøvefiske og analyse av fangst (utført for Østfold Energiverk 2023-24)

Fleire av desse moglegheitene er prøvde i den føregåande planperioden. Av desse er det sal av tenester som gjev den største inntekta, omlag 60 % av fjellstyret si bruttoinntekt.

4. PLANDEL

Hovudmålsetjing

Statsallmenningane i Aurland skal forvaltast i samsvar med fjellova, på ein slik måte at ein fremjar tradisjonell næringsutøving i bygdene og utnyttinga av ressursane i allmenningen, samstundes som ein ivaretek naturvern- og friluftinteressene. Fjellstyret skal søkja å oppnå ein god balanse mellom bruk og vern.

Nedanfor vil fjellstyret skissera tiltak det kan vera aktuelt å setja i verk i komande 4-årsperiode.

4.1. Fiske og fiskestell

Fiskereglar

Fiskereglane bør gjennomgåast med jamne mellomrom (t.d. kvart 4.-5. år), for å tilpassa dei til bestandstilhøva i dei einskilde vatna. Denne gjennomgangen bør gjerast tidleg i planperioden. Revisjon av fiskereglane bør samordnast med nye opptrykk av garnfiskekortet.

Overvaking av tilstanden i fiskevatna

- ~~Aktiviteten med pH-målingar i vatn og vassdrag bør haldast på eit like høgt nivå som på 1990-talet.~~ Generell betring av pH-status på Vestlandet sidan 1990-talet gjer at omfanget av pH-målingar kan reduserast.
- 2-3 vatn i allmenningen bør prøvafiskast kvart år, gjerne i samarbeid med Sogn jord- og hagebruksskule og grunnskulen i Aurland
- Fylkesmannen har i mange år, fram til 2019, utført prøvafiske i dei regulerte vatna i Aurland, finansiert av regulanten. Fjellstyret vil framleis bidra med oppdatert informasjon om fiskeutsetjingar og fangststatistikk i samband med ev vidareføring av dette. Det kan vera aktuelt for fjellstyret å tilby at sjølve prøvafisket vert utført av fjelloppsynet.
- Innsamling av garnfangstrapportar er den viktigaste kjelda til å få oversikt over fiskebestandane, og skal halda fram. 90 % innrapportering er tilfredsstillande. Fjellstyret vil setja i verk tiltak for å auka innrapporteringa av fangstar på stong og oter òg, som t.d. betre utforming av fiskekortet og betre informasjon om korleis rapportane kan sendast elektronisk.

Fiskeutsetjing

For å halda oppe fiskebestandane er fiskeutsetjing naudsynt i dei fleste vatna. Totalnivået på den årlege fiskeutsetjinga i uregulerte vatn i statsallmenningen bør liggja på 5000-7000 sommargamle setjefisk. I tillegg kjem Hafslund Eco sine pålagde utsetjingar i regulerte vatn. All fisk vert kjøpt frå Aurland Setjefisk sitt anlegg.

5-10 setjefisk per hektar vassareal er høveleg årsgjennomsnitt i vatn der det vert fiska ein del. Talet bør ikkje overstiga 20 sommargamle setjefisk per ha i noka einskildutsetjing.

Erfaring viser at høgare utsetjingstal kan gje for tette bestandar. Fjellstyret vil halda på ein utsetjingsturnus som inneber utsetjing annakvart år i vatn der det vert fiska ein del, sjeldnare i vatn der det vert lite fiska. Fjellstyret vil redusera fiskeutsetjingane i vatn der det syner seg at det har vorte for tette bestandar. Utsetjinga av fisk bør i hovudsak framleis gjerast på dugnad av interesserte bygdefolk. Som påskjøning for innsatsen vert dei som er med tildelte eit sesongkort for garnfiske.

Omfanget av fisket

I perioden 2020-23 har det i gjennomsnitt vorte fiska 1385 kg per år på garn i statsallmenningen. Dette var ein oppgang på 76 % i høve til føregåande 5-årsperiode. Ut frå talet på fisk som vert utsett, og etter ei vurdering av produksjonstilhøva, bør det vera rom for å auka årleg gjennomsnittsfangst til 2000-2500 kg per år.

Tynningsfiske

I 2009-2013 gjennomførde fjellstyret eit prosjekt med som gjekk på uttynning av fiskebestandane i nokre vatn i allmenningen, m.a. i Katlamagasinet og Vestredalsmagasinet. Ein lokal ungdom stod for fisket, der fjellstyret stilte med garn, båt og hytte. Fisken vart omsett til lokale reiselivsbedrifter. Fjellstyret ynskjer å utvikla dette prosjektet vidare, med sikte på å få eit fiske som gjev gode, livskraftige fiskebestandar i fjellvatna, kombinert med å få dette flotte råstoffet ut til serveringsverksemdene i kommunen.

Anna tilrettelegging for fiske

Det kan vera aktuelt å plassera båtar ved fleire av dei større fiskevatna, i tillegg til dei 10 som ligg ute i sesongen no, med tanke på at ein kan få auka fiskeinnsatsen ved å ha båt tilgjengeleg. Ein må likevel balansera dette opp mot at tilbodet krev ein del tilsyn og arbeid med å sikra båtane før vinteren.

Fjellstyret har opparbeidd ein tilrettelagt fiskeplass for rørslehemma i Stemmerdalen, i samband med plass for parkering, resting og informasjon om tilboda (meir om dette i kap. 4.9 nedanfor). Fjellstyret har bygt veg ned til Vestredalsvatnet frå parkeringsplassen i Råsdalane, med sikte på å gjera det lettare å få båt på vatnet, og såleis letta utnyttinga av fiskeressursane.

Fjellstyret har opna for eit avgrensa garnfiske for utanbygdsbuande i nokre vatn (Vetlebotn, Vestredals- og Katlamagasinet). Det vert lånt ut garn til utanbygds fiskarar, for å sikra seg mot at sjukdomssmitte eller framande artar kjem inn med garn nytta i andre vassdrag. Fjellstyret ynskjer å utvikla tilbodet vidare, med sikte på å få auka bruken. Det kan vurderast å opna for garnfiske for utanbygdsbuande i nokre fleire vatn, dersom ein ikkje lukkast med å halda oppe fiskeinnsatsen til dei som er busette i kommunen.

For å prøva å styra tilstrøyminga av fiskarar til vatn som ligg nær veg, der det er minst konflikt i høve til leveområda for villrein, vil fjellstyret prioritera tiltak for å gjera fisket mest mogleg attraktivt i desse vatna. Dette kan m.a. innebera å letta tilkomsten med båthengar, ha liggjande båtar som kan lånast ut, og gjera tiltak for å få sjølve fiskebestandane så gode og attraktive som råd. Uttynning for å auka fiskestorleiken vil vera aktuelt.

Fjellstyret vil vurdere å innføre eit rimeleg ungdomskort for garnfiske, der eit gratis garn følgjer med på kjøpet.

4.2. Småvilt

Jaktreglar

Fjellstyret endra i 2005 startdato for småviltjakta frå 10. til 15. september. Frå 2012 til 2017 har 1. oktober vore jaktstart for rype og hare, grunna nedgang i bestandane. I 2018 vart dato for jaktstart endra til 25. september. Det er aktuelt å gjera ei årleg vurdering av startdato for jakta og evt. andre restriksjonar, ut frå produksjonen i småviltbestandane dei einkilde år. Frå 2016 har berre eit avgrensa tal jaktkort vorte lagt ut for sal på Inatur. Før dette var det fritt kortsal.

Moglege tiltak for å spare bestanden i svake produksjonsår for rype:

- Avgrensa talet på kort som vert lagde ut på Inatur
- Ha ordning med "bag limit," d.v.s. avgrensing i talet på fugl pr. jeger og dag (1 fugl per jeger/dag vart innført i 2016, auka til 2 i 2018).

Innrapporteringa av jaktresultatet for småvilt har auka dei siste åra, og ligg no (2022-23) på 60-80 %. Ein bør ta sikte på å halda på den gode innrapporteringa, for å få ein påliteleg jaktstatistikk. Dei fleste innrapporteringar av jaktresultat kjem via Inatur sitt opplegg for rapportering.

Kortsamarbeid

Fjellstyret er ope for å gå inn i samarbeid om felles jaktkort for statsallmenning og tilgrensande private område der dette kan vera naturleg, slik det for nokre år sidan vart gjort for området Myrdal – Broksfjellet.

Det bør vera eit mål å få laga eit kart over kortområda for småviltjakt i kommunen, på same måten som ein har fått til når det gjeld fiske.

Viltstell

Viltstelltiltak for fjellrypa, som er det viktigaste småviltet i området, er lite aktuelt. Lokalt kan det ha ein effekt å beskatta predatorar som rev, røysekatt og ramn. For nokre år sidan vart det innført eit eige årskort for jakt på smårovvilt i statsallmenningen, til ein rimeleg pris. Dette vil fjellstyret halda fram med å tilby.

Fjellstyret vil vurdere følgjande tiltak for å auka uttaket av raudrev:

- Deltaking i skotpremieordning, [dersom økonomien tillet det](#)
- Tilrettelagt opplegg for åtejakt på raudrev i allmenningen.
- Skipa til kurs i jakt på raudrev og andre små rovdyr.

4.3. Villreinforvaltning

Hovudlinjene i fjellstyret si jaktforvaltning vil framleis byggja på:

- Samjaktavtalen mellom statsallmenningen og private jaktfelt i Aurland.
- Prioritering av innanbygdsbuande jegerar for fellingsløyva (for å verta rekna som innanbygdsbuande søkjar er kravet at ein var registrert busett i Aurland kommune pr. 1. januar i søknadsåret).
- Fjellstyret sluttar fullt opp om målsetjingane i driftsplanen for Nordfjella villreinområde.

Det er ynskjeleg både å halda på ein høg fellingsprosent og å arbeida for å få ei betre jaktutøving. Det er og ynske om å vri avskytinga frå dei største dyra innan kvar aldersgruppe til mindre dyr.

Aktuelle tiltak vil vera:

- Inngå samjaktavtalar med tilgrensande område i nabokommunar. Omfattande samjaktavtale over kommunegrensene vart oppretta i 2009. Aurland deltok ikkje i denne i perioden 2013-16, men har vore med i samjakta over kommunegrensene frå og med 2017.
- Stimulera til deltaking i skytetrening ~~og fram møte på jegermøte~~ ved å lodda ut fellingsløyve (har så langt bidrege til stor interesse for treningskveldane).
- Stimulera til at yngre jegerar får opplæring ved å tildela fellingsløyve til jaktlag samansett av "nyeksaminerte" jegerar med instruktør.
- Gje tilskot til jegeropplæringa i kommunen, ~~dersom økonomien tillet det~~.
- Trekking av gratis fellingsløyve til neste års jakt mellom dei som feller dyr med vekter under visse vektgrenser vart innført i samarbeid med grunneigarlaget for villreinvald. Fjellstyret vil vurdere å vidareføra ordninga når villreinforvaltninga i Nordfjella kjem i meir normalt gjenge att.
- Vidareføra ordninga med å tildela dagskort for reinsjakta etter trekning, for å gje fleire høve til å jakta.

Rutinar for tildelinga av fellingsløyve

- Fellingsløyva vert utlyste ut med søknadsfrist kring 1. juni.
- Søkjarar som søkte, men som ikkje vart tildelte kort året før, vert prioriterte.
- Det vert normalt tildelt 1 fellingsløyve pr. jeger, men dette kan vurderast kvart år i høve til storleiken på fellingskvoten.
- Det er høve til å overdra fellingsløyve, i samsvar med fjellstyrevedtak i sak 44/91: "Overdraging av kort dei første 14 dagane av jakta må skje gjennom fjellstyret. Kort kan innløysast av fjellstyret til ein redusert pris, utrekna i høve til tidspunktet i jakta, og vert selt vidare til varamann til denne prisen. Seinare i jakta kan kort overdragast direkte frå jeger til jeger etter godkjenning av fjellstyret. ~~Kvar ein skild fjellstyremedlem og oppsynet til fjellstyret får fullmakt til å godkjenna slik overdraging. Begge partar, både den som overdrag og den som overtek kort, vert å rekna som tildelte kort dette året, med omsyn til evt. prioritering av søkjarar neste år.~~"

- Fjellstyret kan godkjenne jaktlag med inntil 3-5 deltakarar. Det vert ikkje stilt krav om at alle er tildelt statsallmenningskort. Det vert stilt krav om at den som fellingsløyvet er utskrive på skal vera med under utøvinga av jakta. (jfr. forskrift om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning, sist revidert i 2021). Det er høve til å få registrert jaktlag både før og under jakta.
- Førstegongssøkjjarar under 20 år, eller som fyller 20 år i søknadsåret, vert prioriterte ved tildelinga av fellingsløyve. Søkjaren må fylla 16 år i søknadsåret for å få tildelt løyve. Når den som er tildelt fellingsløyvet er under 18 år, og såleis må ha følgje med ein vaksen person under jakta, kan og tilsynsjegeren sitt namn stå på kortet, og dei to fungera som eit jaktlag.
- Den som er tildelt fellingsløyve, og av særlege grunnar ikkje får høve til å nytta seg av løyvet, kan søkja fjellstyret om å få utsett dette til året etter. Søknad om slik utsetjing må vera motteken av fjellstyret innan 1. august, og vert handsama av fjellstyreleiar og dagleg leiar i fellesskap. Fjellstyret fastset retningsliner for kva som skal reknast som "særlege grunnar."
- Fjellstyret opnar for at innanbygdsbuande jegerar kan jakta i Aurland statsallmenning med fellingsløyve som dei har skaffa seg i andre vald i Nordfjella på følgjande vilkår: ~~(teksten her erstattar vedtak i sak 38/02):~~
 - Maks 2 fellingsløyve pr. jeger. Korta er personlege og kan berre nyttast av den som dei er registrert på.
 - I samråd med grunneigarlaget for villreinvald kan det krevjast inn ei avgift for kvart overført kort. Denne avgifta kan fastsetjast ut frå den meirverdien som tilgang til jaktområdet gjev, i tillegg til å dekkja administrasjonskostnaden med ordninga. Fjellstyret kan vedta at avtalen gjeld for eit avgrensa tidsrom og eit avgrensa område.

4.4. Elg- og hjorteforvaltning

Det er, etter skrantesykjeutbrotet på rein i Nordfjella, sett fokus på å redusera hjortebestanden i tilgrensande område. Dette tyder at fjellstyret og må sjå på kva verkemiddel som kan vera aktuelle for å auka fellinga i statsallmenningen. Fjellstyret har i tillegg eit siktemål om å stimulera til rekruttering av yngre jegerar.

Fjellstyret sitt elg- og hjortevald i Nordheimsdalen er på 26 000 daa, og inngår i bestandsplanområdet for hjort i Aurland. For elg kan det vera aktuelt å sjå på eit samarbeid om driftsplan med tilgrensande nabovald i nabokommunen Lærdal. Fjellstyret hadde i åra 2016-2019 ei ordning med sal av dagskort for hjortejakt i det øvre jaktfeltet i Nordheimsdalen i siste delen av jaktperioden. Denne ordninga vart frå 2020 utvida til å gjelda heile Nordheimsdalen frå og med 1. november og ut jakta.

Fjellstyret ynskjer framleis å leiga ut det øvre jaktfeltet (jaktfelt 2) til Aurland jakt- og fiskelag, så sant det er interesse for det. Jaktfeltet nede (jaktfelt 1) vert utlyst av fjellstyret for 2 år om gongen. Innan- og utanbygds jaktlag stiller likt ved trekninga her.

4.5. Beite og andre landbruksinteresser

I deler av allmenningen, særleg innan Aurland nordre statsallmenning, kan det vera beitegrunnlag for meir sau enn det ein har i dag. Fjellstyret ser det likevel ikkje som aktuelt å leiga ut beite til brukarar frå andre kommunar. Ein eventuell auke i talet på beitedyr i området må koma som ei følgje av at dei som har sau i området i dag aukar dyretalet, eller at det på annan måte melder seg eit behov innan kommunen.

Fjellstyret vil halda på ordninga med at fjellstyret sitt sesongoppsyn som ein del av jobben har tilsyn med sau i Stemmerdalsfjella. Denne ordninga oppstod då fjellstyret etter kraftutbygginga fekk utbetalt erstatningar som m.a. skulle dekkja tilsyn med sau. Ordninga har fungert bra, men bør evaluerast med jamne mellomrom av fjellstyret og Stemmerdalen sankelag.

Laushundar kan gjera stor skade på beitedyr. Fjellopsynet skal prioritera informasjon om bandtvang for hund og kontrollera at denne vert overhalden.

Sperregjerdet for rein, som er oppsett for å hindra reinskryssing mellom sone 1 og sone 2, går rett gjennom det mest brukte beiteområdet for sau i allmenningen. Her må fjellstyret, saman med beitebrukarane, vera obs på ulemper dette kan medføre, og krevja at eigaren (Miljødirektoratet) set inn avbøtande tiltak dersom ulemper vert avdekte. [Det må krevjast at det tenestekjøpet som SNO har avtalt med fjellstyret til dette ekstra tilsynet må vidareførast så lenge gjerdet står.](#)

Hytta i Brubotn, som fjellstyret overtok frå dåverande Oslo Energi, bør framleis disponerast av sankelaget som base for sauegjetar/sesongoppsyn i sommarsesongen (15. juni – 30. sept.), slik det går fram av bruksavtalen inngått i 1993.

4.6. Hytter, kraftutbygging og andre fysiske tiltak

Fjellstyret ser det som lite aktuelt å byggja fleire opne fjellstyrehytter i allmenningen. Oppgåva vert først og fremst å ta godt vare på dei hyttene me har. Fjellstyret overtok for nokre år sidan to linjehytter frå Statnett; Berdalsbu og hytta i Håbergsholene. Den sistnemnde vert utleigd gjennom Inatur frå midten av juli og utover sommaren, så lenge som vegen er køyrande om hausten. Dersom vermeldingane tilseier snø, vert gjester på hytta omplasserte til gjetarhytta i Brubotn. Fjellstyret ynskjer å tilretteleggja for meir utleige av denne hytta òg, i periodar der ho ikkje er i bruk av sesongoppsyn/gjetar eller sankelaget.

Fjellstyret ynskjer ikkje å gå ut med informasjon som fører til auka bruk av fjellstyrehyttene av andre grupper enn dei som desse opphavelag vart bygde for, d.v.s utøvarar av jakt og fiske og lokale turgåarar. Unnataket er hyttene i Håbergsholene [og Brubotn](#), som fjellstyret ynskjer vert utleigd meir enn det som har vore tilfelle til no. Fjellstyret vil framleis nytta nettportalen "inatur" for å auka utleiga av desse to hyttene.

Med tida vil fleire av dei jaktbuene som er oppsette av private i allmenningen tilfalla fjellstyret, ut frå avtalane som vart oppretta mellom eigarane og Statskog. Fjellstyret må då i

kvart einskilt tilfelle vurderer om det er grunnlag for å kosta framtidig drift og vedlikehald, eller om bygget bør fjernast. Ved overtaking av slike hytter må det lagast ein plan for kva som trengst av vedlikehald, inventar og utstyr. Ansvar for transport og arbeid må fordelast.

Ved ein eventuell konsesjonsprosess for ny kraftutbygging i allmenningen (sjå omtale under kap. 3.1.) vil fjellstyret leggja vekt på å få tiltaka så lite skjemmande som mogleg i landskapet, i tillegg til at omsynet til minstevassføring i vassdraget, fisk og vilt vert vareteke. Hafslund Eco er i gang med damrehabilitering på kraftverksdammane. Desse arbeida skal pågå fram til og med sesongen 2026, i følge framdriftsplanen som ligg føre. Fjellstyret vil arbeida for at fiske- og viltomsyna vert ivaretekne i samband med desse arbeida. Det same gjeld omsynet til beitedyr.

Omådet Brubotn - fylkesgrensa, frå naturen si side eitt av dei finaste områda i allmenningen, er etter kvart vorte belasta med store tekniske inngrep av ulike slag. Det har opp gjennom åra stadig kome søknader frå ulike hald om løyve til nye tiltak i området, som t.d. teleinstallasjonar. Fjellstyret vil i åra framover halda ei restriktiv line med omsyn til nye tiltak i området, så langt som fjellstyret kan påverka dette. Fjellstyret/fjelloppsynet skal vera merksame på opparbeiding/varding av nye, ikkje godkjende turløyper i allmenningen, og ta opp eventuelle slike saker med dei rette instansar.

Noverande kraftline Aurland – Fardal skal erstattast med ei ny og større. Denne vert bygd attmed eksisterande line, og vil truleg kanskje føra til at fjellstyret si hytte i Storebotn må flyttast. Ny aktuell tomt for Storebotnhytta er funnen. Det vert drøfta med eigaren av stølen Kolaren om denne kan restaurerast av fjellstyret og fungera som overnattingsstad for m.a. jegerar. Dette skal arbeidast vidare med, m.a. etter vurdering av tilstanden på selet.

4.7. Bruken av fjellvegane

Konsesjonsvilkåra for Aurlandsutbygginga slær fast at desse vegane skal vera opne for ålmenta. To anleggsvegar ligg innanfor Aurland statsallmenning. Dette er vegene som går frå fv. 50 til store Vargevatnet, og vegene til Håbergsholene. Vegane er viktige for utøvinga av fiske og jakt i Vestfjelli. Samstundes fører trafikken på og ved vegane til meir uro for villreinen i desse områda. Vegene til Nyhelleren er og viktig i samband med jakt og fiske i statsallmenningen, sjølv om vegene ligg på privat grunn. Ny handsaming av konsesjonsvilkåra føregår no i NVE. Her kan m.a. framtidig status for anleggsvegane verta tema. Fjellstyret vil vera opne for å sjå på endra praksis for bruken av vegane, av omsyn til villrein.

4.8. Oppsynsteneste

Fjellstyret ser det som ynskjeleg å halda fram med ei oppsyns-/sekretærtjeneste med omlag 3 1/2 årsverk, så sant ein greier å finansiera dette. Av dette er ½ årsverk arbeid for Aurland Setjefisk BA (driftsansvar for setjefiskanlegg) og ½ årsverk arbeid med kommunal viltforvaltning.

Det er aktuelt med eit utvida samarbeid med andre instansar om oppsynstenester. Fjellstyret utfører oppsyns- og sekretærtjenester for villreinutvalet. Andre aktuelle samarbeidspartar er grunneigarlag, Statens Naturoppsyn og andre fjellstyre i Nordfjella. Dersom fjellstyret inngår samarbeidsavtalar som medfører auka sal av tenester, vil det vera naturleg å auka talet på månadsverk som fjellstyret har arbeidsgjevaransvar for.

4.9. Informasjon og tilrettelegging

Fysiske tiltak

Fjellstyret ynskjer ein aktiv bruk av statsallmenningane i kommunen, samstundes som denne bruken ikkje må koma i konflikt med viltet og omsynet til naturen elles. Difor vil fjellstyret prioritera tilretteleggingstiltak langs dei ferdsleåreane som er mest nytta i dag, først og fremst fv. 50.

Tidlegare gjennomførde tiltak, finansierte gjennom Grunneigarfondet i Statskog, Fylkesmannen og fylkeskommunen, i tillegg til eigeninnsats:

- Utbygging av rasteplass i Stemmerdalen. Denne vart planlagd i samarbeid med Statskog SF og Statens Vegvesen.
- Fysisk tilrettelegging av fiskeplassar ved denne rasteplassen, ved at det er bygt veg langs vatnet for å letta tilkomsten for rørslehemma. Vegen kan nyttast av rullestolbrukarar.
- Informasjonstavler med opplysningar om fiske og beitebruk. Det vert her og informert om bandtvang for hund.
- Veg frå parkeringsplassen i Råsdalane ned til Vestredalsvatnet med sikte på å gjera det lettare å få båt på vatnet, og såleis letta utnyttinga av fiskeressursane. Båtopptrekk er laga på denne staden.

Planlagde tiltak:

- Supplera med informasjonstavler som viser merkte turløyper i området, og som har opplysningar om småviltjakt og villrein.
- Laga til ein enkel rasteplass med bord og benker ved avkøyrsla som tek av frå fv. 50 mot Håbergsholene

Rekrutteringstiltak

Tiltak som kan få fleire born og unge til å bli kjende med fjellet og få opplæring i jakt og fiske skal prioriterast. Døme på tiltak som fjellstyret/oppstyret har god erfaring med, er:

- Tilskipping av familiefiskedagar og isfiskedag.
- Klasseopplegg med fiskeutsetjing og fiske, i samsvar med partnerskapsavtale med Aurland barne- og ungdomsskule. Flåm skule er med på tilsvarande opplegg.
- Tildeling av fellingsløyve for rein i samband med opplæringsjakt for nye jegerar (jaktlag samansett av "nyeksaminerte" jegerprøvekandidatar + instruktør.
- Rypejakt for damer; eit tiltak i regi av fylkeslaget i NJFF med utgangspunkt Steinbergdalshytta, der fjelloppstyret deltek som kjentmann.

Tilgjenge til fiske- og småviltjakkort

Folk som kjem til bygda for å driva fiske må på ein enkel måte få kjøpt seg kort for dette. Fiskekorta må leggjast ut på salsstader som og er opne i helgane. Kort skal og kunna tingast hjå fjellstyrekontoret gjennom kontakt pr. telefon eller e-post.

Nokre av tilboda i statsallmenningen kan kjøpast direkte på nett, gjennom nettportalen inatur.no. Dette gjeld all småviltjakt, både på området Broksfjellet – Myrdal og i statsallmenningen elles, og det felles fiskekortet for Aurland, "Aurlandskortet," der sportsfiske i Aurland statsallmenning inngår. Det vert og lagt til rette for kjøp av fiskekort med bruk av SMS, gjennom Inatur sitt opplegg.

Det er viktig at dei som sel fiske- og jaktkort lokalt har fått opplæring som gjer dei i stand til å gje korrekt informasjon til dei som kjøper slike kort.

Informasjon gjennom internett

Fjellstyret si heimeside på internett - *aurland-fjellstyre.no* - skal innehalda relevant og oppdatert informasjon om fjellstyret og om tilboda i statsallmenningane i Aurland. For at kortprisar og andre faktaopplysningar heile tida skal vera oppdaterte, må oppdatering skje minimum kvar månad. Fjellstyret vil vurdera å utvikla heimesida med oftare oppdatering, og meir utskifting av bilete og nyhende. Fjellstyret sine årsmeldingar og denne forvaltingsplanen skal liggja ute på heimesida. Det same gjeld møteboka og saklista/sakene til fjellstyremøta.

Fjellstyret har oppretta sider på Instagram og Facebook. Desse bør nyttast aktivt for å gjera fleire merksame på tilboda i statsallmenningen.

Fjellstyret vil fortløpande vurdera kor mykje og kva slags informasjon om tilboda i statsallmenningen som skal leggjast ut på nettportalen inatur.no, som fjellstyra er medeigar i gjennom fjellstyresambandet.

Fjellstyret sine møte

Innkalling og sakstilfang til fjellstyret sine møte vert, så sant det let seg gjera, utsendt til medlemmane og varamedlemmane minst ei veke før møtet. Sakstilfanget skal vera tilgjengeleg på fjellstyrekontoret ~~og på Aurland folkebibliotek~~, og i tillegg liggja ute på fjellstyret si nettside.

Fjellstyret har gjort vedtak (i sak 17/06) om at fjellstyremøta som hovudregel skal vera opne for publikum.

